



Saksmappnr: 2024/520-13

Arkiv:

Sakshandsamar: Vidar Homme

Saksframlegg

Valle kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
10/25	Levekårutvalet	11.03.2025
22/25	Plan og miljøutvalet	11.03.2025
38/25	Formannskapet	12.03.2025
19/25	Kommunestyret	26.03.2025

Fastsetjing av planprogram - kommuneplanens samfunnsdel 2025-2037

Kommunedirektøren tilrår:

Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 – 2037 vert fastsett slik det ligg føre.

Handsaming i Levekårutvalet av sak 10/2025 den 11.03.2025:

Handsaming:

Tilrådinga vart samråystes vedteken.

Vedtak:

Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 – 2037 vert fastsett slik det ligg føre.

Handsaming i Plan og miljøutvalet av sak 22/2025 den 11.03.2025:

Handsaming:

Tilrådinga vart samråystes vedteken.

Vedtak:

Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 – 2037 vert fastsett slik det ligg føre.

Handsaming i Formannskapet av sak 38/2025 den 12.03.2025:

Handsaming:

Tilrådinga vart samråystes vedteken.

**Vedtak:**

Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 – 2037 vert fastsett slik det ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret av sak 19/2025 den 26.03.2025:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 – 2037 vert fastsett slik det ligg føre.

Saksutgreiing:**Samandrag/ konklusjon**

Kommunestyret vedtok i juni 2024 å varsle oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel og utkast til planprogram vart sendt på høyring med høyringsfrist 25. august 2024. På grunn av ein feil vart ikkje planprogrammet sendt til alle relevante høyringspartar og det vart difor gjennomført ei ny høyring med frist 14.februar 2025.

Valle kommune har motteke høyringssvar frå Agder fylkeskommune, Statsforvaltaren i Agder, Statens vegvesen og NVE. Dei fleste innspela er positive til planprogrammet, med nokre tilrådingar for vidare arbeid. Fylkeskommunen tilrår sterkare klimafokus i arealbruk og drøfting av strategiar for ei aldrande befolkning. Statsforvaltaren understrekar folkehelse og medverknad. NVE vektlegg naturfare og energispørsmål. Statens vegvesen fokuserer på arealstrategi og beredskap.

Høyringssvara gjev ikkje grunnlag for å gjere vesentlege endringar i planprogrammet, men framdriftsplanen må reviderast. Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret fastset revidert planprogram.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok i juni 2024 å varsle oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel i samsvar med plan- og bygningslova § 11-12, og utkast til planprogram vart sendt på høyring med høyringsfrist 25. august 2024.

På grunn av ein feil vart ikkje planprogrammet sendt til alle relevante høyringspartar og det vart difor gjennomført ei ny høyring med frist 14.februar 2025.

Kopi av saksutgreiing og vedtak frå handsaminga av oppstartsvarslet og høyring av planprogrammet fylgjer som vedlegg til saka. Det same gjeld høyringssvara og ei oppsummering av desse.

Formelt grunnlag

[Plan- og bygningslova § 11-13](#) omhandlar kommunen sitt arbeid med planprogrammet for kommuneplanarbeidet. Det er kommunestyret som fastset planprogrammet.



Vurderingar og konsekvensar

Innan fristen kom det inn høyringssvar frå Agder fylkeskommune, Statsforvaltaren i Agder, Statens vegvesen og NVE. Høyringssvara fylgjer vedlagd. Høyringssvara er oppsummert og kommentert i eit eige vedlegg til saka. Ein del av innspela gjeld planprogrammet som har vore til høyring, men det er også innspel til sjølve planarbeidet me skal i gong med når planprogrammet er fastsett.

Her vert innspela til planprogrammet omtala. Andre innspel vert ikkje omtala i særleg grad no, men tekne med vidare til seinare fasar av kommuneplanarbeidet.

Agder fylkeskommune er positive til planprogrammet og tilrår at kommunen vurderer korleis hovudutfordringane frå regionplan 2030 kan setjast i lokal kontekst i løpet av planarbeidet. Fylkeskommunen ynskjer at klimakonsekvensane av arealbruksendringar kjem tydelegare fram, til dømes som del av tematikken arbeidsplassar.

Kommunedirektøren vurderer at grepet med å introdusere berekraft som gjennomgåande tema vil gjere at hovudutfordringane vert sett i lokal kontekst som del av arbeidet med dei ulike fokusområda; folkehelse, arbeidsplassar, bulyst og beredskap.

Fylkeskommunen tilrår at ein drøftar naudsynte strategiar for korleis Valle kommune skal tilpasse seg eit samfunn med mange fleire eldre. Kommunedirektøren meiner at berekraftsperspektivet er relevant også her og at fokusområda såleis er dekkande for temaet.

Vidare tilrår fylkeskommunen å vurdere strategiske spørsmål om energi som del av planarbeidet. Energi er ikkje peika ut som eige fokusområde, men vert ein naturleg del av arbeidet med fokusområdet arbeidsplassar. Valle er ein kommune med mykje vasskraftutbygging. Potensialet for meir kraftutbygging vert vurdert som avgrensa. På den hi sida er infrastruktur (nett) og næringsutvikling høgst relevante tema, noko som aktualiserer styrkt fokus på dette i kommuneplanarbeidet. Kommunedirektøren har likevel kome til at det bør vere tilstrekkeleg at dette vert ein del av fokusområdet arbeidsplassar.

Fylkeskommunen meiner arealstrategien bør take utgangspunkt i arealrekneskapen og bed Valle kommune om å take omsyn til ransonene for villrein i arealstrategien i kommuneplanens samfunnssdel. Dette er konkrete innspel til arbeidet med arealstrategien som skal gjerast som del av sjølve planarbeidet.

Statsforvaltaren i Agder er positiv til at Valle deltek i det pågående utviklingsarbeidet om samfunnssdel og planstrategi. Embetet har ikkje vesentlege merknader til framlegg til framdriftsplan og innretning av arbeidet, og er svært positiv til berekraft som gjennomgåande tema.

Statsforvaltaren er positiv til at folkehelse er vald ut som fokusområde, men minnar om at folkehelseperspektivet skal vere gjennomgripande i alle delar av planarbeidet. Ein folkehelseoversikt som grunnlag for å fastsetje mål og strategiar for folkehelsearbeidet vert etterlyst. Folkehelseoversikten vart ferdigstilt etter at planprogrammet vart sendt på høyring og fylgjer som vedlegg til saka.

Folkehelsestrategien for Agder 2028-2025 er oppheva og referansen vert såleis fjerna frå planprogrammet.



Statsforvaltaren oppmodar Valle kommune om å gjere grundige vurderingar og ha gode drøftingar med bakgrunn i nasjonale og regionale føringer i arbeidet med arealstrategien. Embetet peikar på viktigheita av å sikre medverknad i form av politiske verkstader, råd og utval. Informasjon og opplæring må utformast på ein alderstilpassa måte. Kommunedirektøren er samd med Statsforvaltaren og innspela er sentrale føresetnader for korleis medverknaden i fase 2 og fase 3 skal konkretiserast.

NVE har ein del innspel til sjølve planarbeidet og føreset at kommunen nyttar oppdatert kunnskap om fare for flaum, skred, erosjon og overvatn i ROS-arbeidet. NVE oppmodar kommunen til å vurdere korleis planarbeidet kan leggje til rette for ny fornybar kraftproduksjon, samlokalisering av verksemd med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme og effektiv energibruk i bygningar og andre sektorar. Kommunedirektøren syner til kommentarane til innspelet frå fylkeskommunen om same tema.

NVE minnar også om at kommunen har plikt til å melde inn nye naturfareutgreiingar til NVE og kan søkje om økonomisk støtte til kartlegging og sikring mot naturfare.

Statens vegvesen har konkrete innspel til arbeidet i planfasen med arealstrategi og fleire av fokusområda. Innspela vert tekne med vidare i planarbeidet og vurdert på eit seinare tidspunkt. Statens vegvesen minnar om at eit godt samarbeid med andre beredskapsaktørar er nødvendig for å lukkast med samfunnssikkerheit og beredskap. Påminninga er svært relevant med tanke på korleis ein sikrar medverknad i arbeidet med fokusområdet beredskap.

Oppsummering

Kommunedirektøren vurderer at høyringssvara ikkje gjev grunn til å revurdere hovudtrekka i utkast til planprogram. Tvert om er fleire av høyringspartane positive til måten arbeidet er tenkt gjennomført. På grunn av behovet for ein ekstra høyringsperiode må framdriftsplanen reviderast slik det går fram av vedlagde planprogram. Det vert lagt opp til endeleg planvedtak i juni 2026. Etter høyringsperioden har kommunen fått på plass ein oppdatert folkehelseoversikt, noko som er kommentert i revidert planprogram. Folkehelseoversikten vert også lagt med som kunnskapsgrunnlag for planprogram og vidare planarbeid. Endringane som er gjort i høve til høyringsutkastet er markert med raud skrift.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret kan fastsetje revidert planprogram slik det ligg føre.

Valle, den 26.02.2025

Vidar Homme
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Planprogram kommuneplan samfunnsdelen 2024-2034
- 2 Valle kommune - uttalelse til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og kommunal planstrategi .PDF
- 3 Uttalelse - oppstart - planprogram - kommuneplan - Valle - samfunnsdel 2025 - 2037.pdf



- 4 NVEs uttale - Offentleg ettersyn - Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel for 2025-2037- Valle kommune
- 5 348177-2Svar på offentleg høyring og ettersyn - Planprogram - Kommuneplanens samfunnsdel 2025 - 2037.pdf
- 6 Oppsummering av høyringssvar til planprogrammet
- 7 Justert planprogram kommuneplan samfunnsdel 2025-2037
- 8 Folkehelseoversikt Valle

Andre dokument i saka: